



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

# VURDERINGSRAPPORT

## HAUSO SKULE



20. – 23. februar 2006



## 1 FØREORD

### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

### **Kven er vurderar ?**

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

### **Kva gjer vurderarane ?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### **Rapporten**

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



## **2 FAKTA OM SKULEN**

Skulen ligg på garden Hauso, ca. 8 kilometer sør for Utne på vestsida av Sørfjorden i Ullensvang herad. Det er ein 1 –10 skule, med tre klassar på barnesteget og tre klassar på ungdomssteget. Elevane på barnesteget kjem frå Hauso-krinsen, medan elevane på ungdomssteget i tillegg kjem frå Vines og Vikebygd skule. Det er såleis ungdomsskule for heile vestsida av Sørfjorden. Skulen var ferdig utbygd i 1977.

No har skulen 30 elevar på barnesteget og 52 på ungdomssteget. Skulen har SFO-ordning både før og etter skuletid der det er 8 elevar.

Skulen har 18 pedagogisk tilsette fordelt på 13 årsverk. To assistentar deler 1,2 årsverk.

## **3 VURDERINGSTEMA**

Hauso skule har bede om vurdering på følgjande tema:

**Korleis greier me å:**

- **fremja tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar.**
- **stimulera elevane si lærelyst, innsatsvilje og nysgjerrigheit.**
- 

Dette er to av punkta på læringsplakaten

## **4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV**

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine eigne planar.*

*Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.*

*Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.*



## Hardanger / Voss kompetanseregion

### Vurderingsgruppa

TEMA: Stimulera elevane si lærelyst, innsatsvilje og nysgjerrigheit  
Fremja tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar.

Kriterium – kvalitetskrav.	Teikn på god praksis.
<b>Det er trivsel på skulen</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- lærarane gjev elevane merksemd ("ser") kvar dag</li><li>- elevane har vener på skulen</li><li>- eleven har arbeidsro</li><li>- elevane er trygge på kvarandre</li><li>- elevane er trygge på dei vaksne på skulen</li><li>- lærarane trivest på skulen</li></ul>
<b>Det er eit godt samarbeid mellom heim og skule</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- det er god dialog om barnet si utvikling</li><li>- det vert lagt til rette for tovegskommunikasjon når skule og heim møtest</li><li>- det er etablert rutine for tovegskommunikasjon mellom heim og skule</li><li>- det er låg terskel for å ta kontakt heim/skule</li></ul>
<b>Elevane får tilpassa opplæring</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- elevane nyttar individuelle arbeids-/veke-/lekseplanar</li><li>- elevane får trening i å disponera tida si</li><li>- elevane får tydelege læringsmål</li><li>- elevane kan gjera val m.o.t. vanskegrad</li></ul>
<b>Lærarane legg opp til varierte arbeidsmåtar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- elevane arbeider på ulike måtar (t.d. uteskule, lek, prosjektarbeid, stasjonsundervisning..)</li><li>- elevane får uttrykkja seg på ulike måtar (t.d. dans, drama, foredrag, video...)</li><li>- skulen gjennomfører den kommunale IKT-planen</li><li>- skulen har høvelege rom til å gjennomføra varierte arbeidsmåtar</li><li>- elevane kjenner til ulike læringsstrategiar</li></ul>
<b>Skulen stimulerer elevane si lærelyst, innsatsvilje og nysgjerrigheit</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- møbleringa av klasseromma inspirerer til læring</li><li>- læraren viser engasjement og humor</li><li>- alle har noko å gjera i friminutta</li><li>- lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i</li><li>- lærarane har kompetanse i bruk av digitalt utstyr</li><li>- skulen gjennomfører planlagte elevsamtaler</li><li>- det er god stemning i klassen</li></ul>



## 5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne: elevar, lærarar og foreldre.
- Eksterne: Gudny Fykse og Torgeir Vassnes frå vurderingsgruppa i Hardanger og Voss

### Grunngjeving for val av informantar

I vurderingsarbeidet er det viktig å involvera dei partane det gjeld. Det valte vurderingstema vedkjem alle partar i skulesamfunnet.



*Gratulera med dagen, Jan Helge!*

## 6 TIDSBRUK

*Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.*



## *Hardanger / Voss kompetanseregion*

### *Vurderingsgruppa*

<b>TID</b>	<b>TILTAK</b>	<b>ANSVAR</b>
2. januar	Skulen melder inn vurderingstema	Skulen
Veke 1-2	Vurderingsparet utarbeider framlegg til kriterium og teikn på god praksis. Skulen drøftar dette og kjem med innspel.	Begge partar
17. januar (veke 3)	Møte mellom vurderingsparet og personalet på Hauso skule for gjensidig presentasjon. Gjennomgong av kriterium og teikn på god praksis. Vurderingsparet får planar og anna relevant informasjon. Tidsplanen vert godtatt.	Begge partar
24. januar (veke 4)	Endeleg godkjenning av kriterium og teikn på god praksis	Begge partar
Veke 4	Vurderingsparet utarbeider påstandskjema til dei ulike partane i skulesamfunnet	Vurderingsparet
Veke 5-6	Utsending og innsamling av påstandskjema og tilbakesending til vurderingsparet.	Skulen
Veke 7	Oppsummering av påstandskjema og utarbeiding av samtaleguider	Vurderingsparet
Veke 8	<b>Vurderingsveka</b>	
20. feb.	-Samtale med ei elevgruppe på b.trinnet -Observasjon av samfunnsfag i 9. kl -Observasjon av IKT i 5.-7. kl -Samtale med ei lærarargruppe på u.trinnet -Møte med klassekontaktar og FAU	Vurderingsparet
21. feb.	-Samtale med ei elevgruppe på u.trinnet -Samtale med ei lærarargruppe på b.trinnet -Observasjon av stasjonsarb. I 1-2 kl -Observasjon av A-time i 10. kl -Observasjon av norsk i 3.-4. kl	Vurderingsparet
22. feb.	-Observasjon av A-time i 8. kl -Samtale med fire elevgrupper frå 6. til 9. kl -Samtale med ei lærarargruppe på u.trinnet -Samtale med rektor	Vurderingsparet
23. feb.	Framlegging av førebels rapport og vurderingsvedlegg.	Vurderingsparet
Veke 9-11	Endeleg rapport og vurderingsvedlegg vert sendt skulen og Ullensvang kommune. Skulen vert beden om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget. På rektormøte deler rektor sine erfaringar m.m. med dei andre skulane i kommunen. Rapporten vert lagt ut på regionen si nettside.	Rektor



## 7 METODAR

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.*

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

### Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, IKT-plan, arbeidsplanar og vekeplanar.

### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet og skulen utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i L-97.

### Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandsskjema til partane i vurderinga. Påstandsskjema var utarbeidde med utgangspunkt i kriteria og teikna på god praksis. Desse vart fylt ut av elevar, foreldre og lærarar, og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

### Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa gav overflatekunnskap om skulen generelt og innblikk i delar av fokusområdet.

### Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtaler med utvalte lærarar og elevar. Vi hadde òg samtale med FAU og klassekontaktar. I tillegg gjennomførte me observasjon i alle klassar.

### Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå elevar, lærarar og foreldre mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



**8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN  
VURDERINGSOMRÅDET**

- **Det er trivsel på skulen**
  - Me møtte høflege, greie og reflekterte elevar.
  - Me møtte engasjerte lærarar med godt humør.
  - Elevane har venner på skulen og har god kontakt med dei vaksne.
  - Skulen deltek i Olweus-programmet. Det har ført til mindre mobbing på skulen.
  - Tonen mellom dei tilsette er lett og fin.
- **Det er godt samarbeid mellom heim og skule**
  - Både foreldre og lærarar er nøgde med samarbeidet.
  - Månadsskjema er ein positiv rutine.
- **Skulen arbeider for å gi elevane tilpassa opplæring**
  - Arbeids-/veke-/lekseplanar er i bruk på alle trinn.
  - På ungdomssteget kan elevane gjera val m.o.t. vanskegrad (kjerne – total).
  - På barnesteget er leksene i stor grad tilpassa den enkelte elev.
  - mellomtrinnet og ungdomstrinnet nyttar arbeidsøker.
- **Barnetrinnet nyttar stasjonsundervisning som ein bevisst arbeidsmåte**
  - Stasjonsundervisning er ein måte å auka elevaktiviteten på.
  - Det er òg ein måte å ha kontakt med kvar enkelt elev på.
  - Stasjonsundervisning gir variasjon i arbeidsmåtar.
- **Skulen legg opp til at arbeidsøktene skal vera ein god læringsarena**
  - Skulen har dobla lærarressursen i arbeidsøktene.
  - I sjølvstudie får elevane trening i å disponera tida si.



- I desse timane får elevane individuell rettleiing.
- **Faglærerprinsippet er i stor grad nytta.**
  - Det er lettare å visa engasjement i fag ein likar og/eller har kompetanse i
  - Læringsplakaten punkt 7: "Stimulere, bruke og videreutvikle den enkelte lærers kompetanse"

<b>9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET</b>
---

- **Veke/arbeids/lekseplanar kan utviklast vidare**
  - Vekeplanen for mellomtrinnet har lite val. Elevane bør allereie på mellomtrinnet trenast opp til å gjera val med omsyn til vanskegrad og/eller arbeidsmåte.
  - Arbeidsplanane for ungdomssteget bør i nokon grad gi høve til val av arbeidsmåte.
  - 6-vekers planen i 8.klasse veit vi for lite om til å kunna vurdera opp mot 2-vekers plan. Men dette verkar interessant, og skulen bør drøfta dette vidare.
- **Læringsmåla kan verta tydelegare**
  - Hauso skule nyttar læringsmål på planane sine. Lærarane strevar med å gjera desse tydelege nok og elevane strevar med å skjønna nytten av dei. Merksemda i ein veke/arbeidsplan må rettast mot læring i staden for "gjering". Det handlar ikkje om kva elevane har gjort, men kva dei har lært. Då bør planen fokusera på måloppnåing i aukande grad med aukande alder. Å nå eit konkret mål stimulerer òg lysta til å læra meir.



## Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Nedanfor er ein modell som Hå kommune nyttar.

Døme frå småskulen:

<b>MÅL</b>	<b>VURDERING</b>		
<b>Eg skal kunna</b>	<b>Kan godt</b>	<b>Kan noko</b>	<b>Kan lite</b>
* skilja mellom hundrarar, tiarar og einarar			
* bruka pengar når eg handlar			
* lista opp nokra adjektiv			
* kjenna att engelske ord på matvarer på arket			
* kjennna att forteljinga då Jesus kalla læresveinane			
* ta omsyn til dei andre på gruppa			
* koma raskt i gang med arbeidet etter pause			

Modellen kan også nyttast i ungdomsskulen, men då med ein tabell for kvart fag. Døme frå samfunnsfag.

<b>MÅL</b>	<b>VURDERING</b>		
<b>Eg skal kunna</b>	<b>Kan godt</b>	<b>Kan noko</b>	<b>Kan lite</b>
* minst 20 statar i USA			
* fortelja om fire naturkrefter			
* forklara kvifor USA har så mange folkegrupper			
* .....			

- **Arbeidsøktene kan utviklast**

- Hauso skule har heva statusen til arbeidsøktene med at to lærarar er til stades. Ein kan heva statusen ytterlegare ved å leggja desse timane tidleg på dag.
- Elevane må òg vita at denne tida disponerer dei, og at øktene ikkje blir "tatt til noko anna".

- **Skulen sin romsituasjon bør gjennomgåast**

- Fleire lærarar seier at romsituasjonen gjer det vanskeleg å variera arbeidsmåtane. Dette ser vi heilt klart.
- Skulen manglar òg eit formidlingsrom der videokanon, DVD-spelar, videospelar og liknande har fast plass. Å "draska" på utstyr og kobla leidningar gjer at mange ikkje vil nytta dette i så høg grad som ønskjeleg.
- Nybygg er nok løysinga, men dette er tidkrevjande. Medan ein ventar på dette, må ein finna mellombels løysingar.



**Hardanger / Voss kompetanseregion**  
**Vurderingsgruppa**

- **Oppdatering av skulen sitt digitale utstyr**
  - Både elevar, foreldre og lærarar hevdar at datamaskinparken på skulen delvis er gammal og derfor ikkje passar til heimemaskinene. Arbeid elevane gjer på data heime blir vanskeleg å overføra til skulemaskinene. Skulen blir i elevane sine auge litt "utdatert" når dei opplever dette, og det verkar lite motiverande. Vi viser og til "Kunnskapsløftet" der digital kompetanse er ei "grunnleggende ferdighet" i alle fag.

**10 VIDARE ARBEID ETTER FEBRUAR 2006**

<b>Utviklingsområde</b>	<b>Idear</b>
<b>Veke/arbeids/lekseplanar kan utviklast vidare</b>	<b>Sjå s.9</b>
<b>Læringsmåla kan verta tydelegare</b>	<b>Sjå s.9 - 10</b>
<b>Arbeidsøktene kan utviklast</b>	<b>Sjå s. 10</b>
<b>Skulen sin romsituasjon bør gjennomgåast</b>	<b>Drøft i personalet .</b>
<b>Oppdatering av skulen sitt digitale utstyr</b>	<b>Dette er eit økonomisk spørsmål som må drøftast. Viser til IKT-planen for skulane i Ullensvang.</b>

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Hauso 23.februar 2006

Gudny Fykse  
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss

Torgeir Vassnes  
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss

4 vedlegg



**VEDLEGG 1**

**Påstandsskjema for pedagogisk personale ved Hauso skule**

*Dersom du er **heilt einig** i påstanden, kryssar du under 5. Dersom du er **heilt ueinig**, kryssar du under 0. Set berre eitt kryss ved kvar påstand*

	<b>Påstand</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>0</b>
<b>1</b>	Eg gjev elevane mine merksemd kvar dag						
<b>2</b>	Det er arbeidsro i gruppa mi						
<b>3</b>	Eg trivest på skulen						
<b>4</b>	Elevane er trygge på kvarandre						
<b>5</b>	Det er god dialog med heimen om barnet si utvikling						
<b>6</b>	Det er lagt til rette for tovegskommunikasjon når skule og heim møtest						
<b>7</b>	Det er etablert rutinar for tovegskommunikasjon mellom skule og heim						
<b>8</b>	Eg nyttar arbeids-/vekeplanar						
<b>9</b>	Eg gir elevane tydelege læringsmål						
<b>10</b>	Elevane kan gjera val m.o.t. vanskegrad						
<b>11</b>	Elevane får trening i å disponera tida si						
<b>12</b>	Eg legg opp til varierte arbeidsmåtar						
<b>13</b>	Elevane får uttrykkje seg på ulike måtar						
<b>14</b>	Eg har kompetanse i IKT						
<b>15</b>	Skulen gjennomfører den kommunale planen i IKT						
<b>16</b>	Elevane mine kjenner til ulike læringsstrategiar						
<b>17</b>	Møbleringa av klasseromma inspirerer til læring						
<b>18</b>	Eg brukar humor i undervisninga						
<b>19</b>	Det er god stemning i klassen						
<b>20</b>	Alle har noko å gjera i friminutta						
<b>21</b>	Eg har kompetanse i dei faga eg underviser i						
<b>22</b>	Eg gjennomfører planlagte elevsamtaler						



**VEDLEGG 2**

***Påstandsskjema for foreldre ved Hauso skule.***

Dersom du er **heilt einig** i påstanden, kryssar du under 5. Dersom du er **heilt ueinig**, kryssar du under 0. Set berre eitt kryss ved kvar påstand

	<b>Påstand</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>0</b>
<b>1</b>	Barnet mitt har vener på skulen						
<b>2</b>	Det er mitt inntrykk at barna er trygge på kvarandre på skulen						
<b>3</b>	Det er mitt inntrykk at barna er trygge på dei vaksne på skulen.						
<b>4</b>	Det er mitt inntrykk at det ikkje er mobbing på skulen.						
<b>5</b>	Det er lett (låg terskel) å ta kontakt med skulen						
<b>6</b>	Eg er nøgd med den kontakten eg har med skulen						
<b>7</b>	Det er tovegskommunikasjon når skule og heim møtest.						
<b>8</b>	Barnet mitt nyttar arbeids-/vekeplan						
<b>9</b>	Barnet mitt kan av og til gjera val når det gjeld vanskegrad.						
<b>10</b>	Barnet mitt lærer å bruka data på skulen						
<b>11</b>	Det er mitt inntrykk at læraren viser engasjement og humor						
<b>12</b>	Det er mitt inntrykk at barnet mitt har noko å gjera i friminutta						
<b>13</b>	Det er mitt inntrykk at det er god stemning i klassen						
<b>14</b>	Eg meiner at lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i.						



**VEDLEGG 3**

***Påstandsskjema for elevar ved Hauso skule, 4. –7. trinn.***

Fyll ut! Eg går i ..... klasse.

Kryss av! Eg er jente . Eg er gut

Dersom du er **heilt einig** i påstanden, kryssar du under 5. Dersom du er **heilt ueinig**, kryssar du under 0. Set **berre eitt kryss** ved kvar påstand

	<b>Påstand</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>0</b>
<b>1</b>	Eg har vener på skulen						
<b>2</b>	Lærarane seier ofte noko hyggeleg til meg						
<b>3</b>	Eg blir ikkje erta eller mobba på skulen						
<b>4</b>	Eg ertar eller plagar ikkje andre på skulen						
<b>5</b>	Eg kan gjera kjekke ting i friminutta						
<b>6</b>	Foreldra mine greier å hjelpa meg med leksene						
<b>7</b>	Eg har lekseplan som eg finn fram på sjølv						
<b>8</b>	Eg kan gjera unna lekser når eg har god tid						
<b>9</b>	Eg likar å gjera lekser						
<b>10</b>	Eg har lyst til å gjera skulearbeidet mitt bra						
<b>11</b>	Eg veit kva eg skal læra kvar veke						
<b>12</b>	Eg veit korleis eg skal læra meg nye ting						
<b>13</b>	Eg kan velja oppgåver som er passe vanskelege for meg						
<b>14</b>	Eg arbeider med data på skulen kvar veke						
<b>15</b>	Eg har elevsamtale						
<b>16</b>	Klassen min har ofte utedag						
<b>17</b>	Klassen min har ofte program for andre						
<b>18</b>	Klasserommet vårt er triveleg						
<b>19</b>	Læraren vår fortel ofte noko morosamt						



**VEDLEGG 4**

***Påstandsskjema for elevar ved Hauso skule, 8.-10. trinn.***

**Fyll ut!** Eg går i ..... klasse.

**Kryss av!** Eg er jente . Eg er gutt

Dersom du er **heilt einig** i påstanden, kryssar du under 5. Dersom du er **heilt ueinig**, kryssar du under 0. Set **berre eitt kryss** ved kvar påstand

	<b><i>Påstand</i></b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>0</b>
<b>1</b>	Eg har vener på skulen						
<b>2</b>	Lærarane snakkar med meg kvar dag						
<b>3</b>	Eg blir ikkje erta eller mobba på skulen						
<b>4</b>	Eg ertar eller plagar ikkje andre på skulen						
<b>5</b>	Eg har nokon å vera saman med i friminutta						
<b>6</b>	Eg har arbeids-/vekeplan der eg kan velja kor vanskelege oppgåver eg vil gjera						
<b>7</b>	Eg kan gjera heimearbeidet for veka/perioden når eg har tid						
<b>8</b>	Eg synest skulearbeidet er meningsfylt						
<b>9</b>	Eg har lyst til å gjera skulearbeidet mitt bra						
<b>10</b>	Eg får lyst til å finna ut meir om ting me lærer om på skulen						
<b>11</b>	Eg ser kva læringsmål som står på arbeids-/vekeplanen min						
<b>12</b>	Eg veit korleis eg skal læra meg nye ting fordi eg kan fleire læringsstrategiar						
<b>13</b>	Eg kan velja oppgåver som er passe vanskelege for meg						
<b>14</b>	I elevsamtalen snakkar eg med læraren om korleis eg skal arbeida med faga						
<b>15</b>	På skulen kan eg arbeida med data når det passar for arbeidet mitt						
<b>16</b>	Lærarane mine kan mykje i dei faga dei underviser						
<b>17</b>	Me kan leggja fram prosjektarbeid på ulike måtar (t.d. teater, dans, foredrag, video, veggavis)						
<b>18</b>	Klasserommet vårt er triveleg						
<b>19</b>	Læraren vår fortel ofte noko morosamt						